



3 av mannskapet og songevangelisten under møtet i kveld

Betelskipet Elieser 6 siglar framleis langs norskekysten frå svenskegrensen til Nordkapp og i kveld har misjonsbåten lege ved Sandakaien og halde møte. Det er 2 år sidan han var innom Uskedalen og litt av kvart har hendt .

Mellom anna har båten

hatt eit gearbrot som førte til over 4 månader i landlege i Fosnavåg

Men det var ei lukkeleg tid fordi det i denne tida vart halde 70 møter med eit snittbesøk på 47 ombord , fortel kaptein

Harald Thorsen til uskedalen.no.

- Dei kom frå alle slags menigheter og eit stort område. Det må vera ein styrelse som står bak slikt som dette, seier 65-åringen som er ny og synest han har ein framifrå pensjonistjobb- Før han gjekk inn i Den indre sjømannsmisjon si teneste for vel 2 år sidan jobba han i 24 år som fiskar og 20 år med lakseforing.

Dei 3 andre i mannskapet i kveld var dei same som sist

- dei var Ditlev Møller, Arne Hansen og Tone Kallevåg

- Korleis hang det saman at du kom inn i sjømannsmisjonen?

- Eg har ingen misjonsbakgrunn, men naboen min - Reidar Kvilhaug - er leiar på landsbasis. Han spurde meg og eg sa ja. Det angrar eg ikkje på.

- Båten er kanskje ikkje så lett å hanskas med når det bles kraftig?

- Båten er kjekk for sitt føremål.

Han er OK også når det bles og er vinden for kraftig går vi ikkje, svarar skipparen som synest søkningen til båten er bra, ikkje minst på Vestlandet.

Som tidlegare har båten eit mannskap på 8 der halvparten har teneste 4 veker om gongen. Det ligg i sakens natur at alle må gjera alt i ein slik båt og husmora leia møtet i kveld. Men kveldens predikant Dagfinn Sandal frå Florø har heile landet som operasjonsfelt som songevangelist.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rundt 20 var på møtet i kveld